

Framlegg til uttale frå Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland – høyring om UP:

UP må styrkast – ikkje avviklast

Eit regjeringsoppnemnt utval, kalla Frøstruputvalget, har i *NOU 2017:11 BEDRE BISTAND. BEDRE BEREDSKAP* innstilt på ny organisering av politiet sine særorgan. Innstillinga er sendt på høyring med frist 01.12.2017. Eitt av framlegga er at Utrykningspolitiet (UP) vert lagt ned som særorgan, og at trafikkoppgåver vert overført til politidistrikta.

FTU i Hordaland meiner:

FTU vil sterkt åtvare mot utvalet sitt framlegg når det kjem til avvikling av UP, og meiner at UP må oppretthaldast og styrkast i framtida.

FTU grunngjev dette med, m.a.:

- UP gjer ein viktig og god jobb i våre distrikt. Hordaland har historisk sett ofte låge på ulukkestoppen, og ikkje greidd å halde følge med nasjonal utvikling i reduksjon av tal drepne og hardt skadde. Vi treng dei effektive verkemidla som finst for å halde fram arbeidet mot nullvisjonen.
- UP sikrar at kontrollar skjer, særleg på utsette strekningar som E39 i Sunnhordland og Nordhordland, samt på E16 mellom Bergen og Voss.
- Utvalet peikar sjølv på at «*Utrykningspolitiet (UP) er en effektiv og fleksibel organisasjon som oppnår gode resultater innen trafikksikkerhet.*» og at trafiktryggleik framleis er viktig.
- Noreg har sterke resultat i trafikksikringsarbeidet, og UP har ei sentral rolle i dette. Undersøkingar og forskning syner at kontrollverksemda til politiet spelar ei avgjerande rolle i både å avdekkje og avskrekke kriminalitet langs vegane våre.
- Mykje tyder på at vi treng eit dedikert Utrykningspoliti i trafikksikringsarbeidet. Overføring av desse tenestene til politidistrikta vil føre til at trafikksikring får lågare prioritet i ein allereie hektisk politikvardag.
- UP har ein spisskompetanse som kjem politidistrikta til gode ved at tilsette hospiterer i UP og opparbeider seg viktig erfaring og kunnskap som dei har med seg attende til politidistriktet.
- TØI har dokumentert at trafikkontroll i tråd med UP sitt arbeid, er samfunnsøkonomisk lønsamt. Etter FTU sitt skjøn må difor kontrollverksemd vektast tyngre for å nå ambisiøse mål i NTP, og ikkje prioriterast ned.
- Oppretthalding av UP har støtte i Norges Politilederlag og Politiets fellesforbund.
- Nyleg har også 16 landsdekkjande organisasjonar gått ut og åtvart mot nedlegging av UP, deriblant Autoriserte Trafikkskolers Landsforbund, NLF, NAF Opplysningsrådet for vegtrafikken og Trygg Trafikk.

FTU i Hordaland